



## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet

**Dato:** 25. mars 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201303115-1/NGRU

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 811

### **Kollektivfelt på eksisterande firefelts vestre innfartsåre. Båttransport som alternativ transport mellom Sund-Sotra og Bergen. - Svar på oversendingsspørsmål**

På møte i samferdselsutvalet 23.01.13 viste Tom Skauge (Sv) til at Sotrasambandet er i krise. Vegsystemet rundt Bergen er overbelasta. Pendlarar får arbeidsdagen forlenga. Nyttetrafikken kjem ikkje fram. Frå før veit vi at Bergen Næringsråd har rekna ut at næringslivet tapar vel 4 milliardar kr på køkaos. Han sette fram desse spørsmåla:

#### **Kollektivfelt på firefelts veg**

«Kvifor er ikkje kollektivfelt på eksisterande vegnett med fire felt aktuelt?»

Fylkesrådmannen viser til at ein i Bergensområdet har tre innfartsårer med fire felt, frå vest, sør og nord. Som kjent arbeider ein med å få på plass sambruksfelt på søre innfartsåre, Fjøsangervegen. Saka er oversendt Vegdirektoratet, som ankestyresmakt, sidan politiet ikkje har vilja fatta skiltvedtak med bakgrunn i trafiktryggleiken. Før ein eventuelt har fått etablert sambruksfeltet på søre innfartsåre og evaluert ei slik ordning ser fylkesrådmannen det som lite aktuelt å vurdere å ta i bruk to av felta på ein firefelts motorveg til kollektivfelt.

#### **Båttransport som alternativ transport mellom Sund-Sotra og Bergen**

«Ser fylkeskommunen på båttransport som alternativ transport mellom Sund-Sotra og Bergen?»

Fylkesrådmannen viser til at i regi av Skyss er det i gong eit arbeid som skal leggja rammene for kollektivtrafikken i Vestkorridoren i dei komande åra. I dette arbeidet vert det fokusert på busstransporttilbodet, og det vert lagt til grunn eit bussruteopplegg som skal ta hand om framtidig trafikkvekst. Unntaket er Askøy-Bergen der det framleis vert lagt opp til å satse på båttransport. I den næraste framtida kan ein ikkje sjå at det ligg til rette for å etablere ei båt rute mellom Sund/Fjell og Bergen. Bakgrunnen for dette er både marknadsmessige, driftsmessige og økonomiske vurderingar. I tillegg manglar området tenleg infrastruktur i form av sentrale kaianlegg med tilhøyrande parkeringsareal.